

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/11812-9

## **Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:  
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Vedlegg:

- Plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020
- Overordna analyse 2016 - 2020

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Etter Kommuneleva § 76 er det fylkestinget som har det øvste ansvaret for internt tilsyn og kontroll i fylkeskommunen og skal etter § 77 velja eit kontrollutval til å stå føre dette tilsynet. Som ein del av dette tilsynet skal kontrollutvalet, etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter val av nytt fylkesting utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal leggast fram for fylkestinget for godkjenning.

Fylkestinget kan, uavhengig av planen, gje kontrollutvalet instruksar om kontrolltiltak i form av forvaltningsrevisjonar som skal gjennomførast. Fylkestinget har ansvar for at kontrollutvalet får tilstrekkelig budsjettmidlar til å gjennomføre planen.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Overordna analyse dannar grunnlaget for planen. Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen er å skaffe fram relevant informasjon om fylkeskommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 50/15 i møte 24.11.2015 å bestille overordna analyse av Deloitte AS. Analysen er gjennomført som eit samarbeid mellom sekretariatet for kontrollutvalet og Deloitte AS.

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing,

administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomførde:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar
- Intervju med administrative og politiske leiarar

Analysen vart samla i eit arbeidsdokument/analysegrunnlag som var grunnlaget for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kontrollutvalet gjennomførde 25.08.2016 i KU-sak 40/16 utveljing og prioritering av prosjekta som var skissert i den førebelse overordna analysen.

Fylkesrådmannen er invitert til å gje innspel til planen i kontrollutvalsmøte 7. oktober, eventuelt sende inn kommentarar i forkant av møtet.

Som det går fram av saka gjeld denne planen for tidsrommet 2016 – 2020, eller til ny plan vert vedteken. Planen skal utarbeidast innan utgangen av året etter fylkestingvalet. Neste fylkestingval er i 2019, men det er sannsynleg at plan for forvaltningsrevisjon i neste periode først vert ferdigstilt innan utgangen av 2020. Kontrollutvalet vil også ha som målsetting å rullere planen for 2016 – 2020 i løpet av perioden, slik at endringar i omgjevnadane også kan resultere i endring av prosjekt i planen. Det kan også tenkast at det i løpet av perioden kan dukke opp nye tema som vil vere viktige å sjå på gjennom ein forvaltningsrevisjon.

Gjennom arbeidet med analysegrunnlaget har alle fagområda til fylkeskommunen vore vurdert gjennom fleire aktuelle tema for framtidig forvaltningsrevisjon. I planen som vert lagt fram er det satt opp 34 prosjekt fordelt på to grupper, 1 og 2, der gruppe 1 er høgst prioritert og prosjekta i denne gruppa er også innbyrdes prioritert. Prosjekta i gruppe 2 har vore vurdert, men er prioriterte bak prosjekta i gruppe 1. Prosjekta i gruppe 2 er heller ikkje innbyrdes prioriterte.

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i prioriteringane i planen og i tillegg fullmakt til å ta inn nye prosjekt dersom utvalet ser dette som føremålstenleg. Fylkestinget vert orientert om slike endringar i årsmeldinga til utvalet.

### **3. Konklusjon**

Sekretariatet har i arbeidet med planen lagt vekt på at kontrollutvalet skal utføre kontrollhandingar i samsvar med sitt mandat. Kontrollutvalet har vore med i arbeidet med prioritering av prosjekt som skal vere med i planen. Planen som vert lagt fram er eit resultat av det analysearbeidet Deloitte AS har utført i samarbeid med sekretariatet, og dei vurderingane og prioriteringane kontrollutvalet har føreteke. Kontrollutvalet står fritt til å gjere endringar på prioriteringane i planen, som etter handsaming i kontrollutvalet vert fremja for fylkestinget.